



---

# Notat

---

**Til:**  
Atle Kvåle

**Frå:** Gunn Sissel Teigen

**Vår ref.**  
15/610 - 20

**Løpnummer**  
15/10391

**Arkivkode**  
FE-151

**Dato**  
19.11.2015

## **MELDING OM VEDTAK FRÅ MØTET 12.11.15 SAMRØYSTES UTTALE FRÅ ARBEIDSMILJØUTVALET**

### **Vedtak:**

Følgjande uttale vart samrøystes vedteke av arbeidsmiljøutvalet i Fusa kommune i møtet 12.11.15:

Budsjettprosessen har vore krevjande for alle involverte; både leiarar, tillitsvalde og tilsette. Alle «steinar» har vorte snudd og «skrapa». I ein ekstra utfordrande prosess, med store kutt, har det vorte mange arbeidstimar over ein kort periode.

AMU er spesielt uroa for kutt i førebyggjande tiltak. Det er likevel svært positivt at kr 100.000,- er prioritert til vidareføring av Fusa i farten/arbeidsmiljøtiltak. AMU er nøgd med at det også i år er vist konkrete kutt i rådmannen sitt budsjettnotat.

Føreseieleg arbeidssituasjon og eit godt fagleg fellesskap er viktige nøkkelfaktorar for både arbeidsmiljø og tenesteutvikling. Kommunestyret har det overordna arbeidsgjevaransvaret; både for leiarar og tilsette elles. AMU ser fram til at politikarane tek val som er langsiktige, gjev stabilitet og føreseieleg situasjon både for tilsette og brukarar.

Med helsing

  
Gunn Sissel Teigen  
Spesialrådgjevar



12.11.15

UTTALE ANGÅANDE BUDSJETTNOTAT FRÅ RÅDMANN 2016, OG ØKONOMIPLAN 2016 - 2019

Som verneombod i kommunen ynskjer vi å komma med nokon innspel når det gjeld budsjettnotatet for 2016. Vi har ekstra fokus på dei tilsette sitt arbeidsmiljø og HMT elles og vil derfor komma med nokre innspel med utgangspunkt i dette. Vis er klar over at det er store utfordringar med kommuneøkonomien, men er opptekne av at helse, miljø og tryggleik vert ivareteke i denne krevjande tida.

UNDERVISNING: Vi er ekstra uroa for arbeidsmiljøet til dei tilsette der det er lagt opp til at ein skal gå gjennom flytting til eller frå skulane to gonger. Dette gjeld, slik vi har forstått det, Strandvik skule, Fusa skule, Holdhus skule og Eikelandsosen skule. Vil garderobekapasitet, arbeidsplassar, lunsjrom også vidare vera godt nok ivareteke? Det kan vera tøffe prosessar å skulle tilpassa ulike kulturar på arbeidsplassane til kvarandre, her skal dette skje to gonger i løpet av tre år. Er det realistisk å verta klare med alt i 2018, eller vil det som eigentleg skal vera mellombels, drøye over fleire år fordi arbeidet med ombyggingar tek lengre tid?

PLEIE OG OMSORG: Situasjonen i høve arbeidsmiljø er beskreve godt i budsjettnotatet. Kutt i førebyggjande tiltak vil truleg føre til meirbelastning for personalet både på kortog lang sikt. Nye omorganiseringsprosessar med samanslåing av heimeteneste områda kan verta krevjande. Resursar til å tilrettelegga for medverknad, informasjon og gode prosessar er viktig.

TEKNISK DRIFT: Her er det klart at ein allereie i dag har for lite resursar. Politikarane må vera med å tydeleggjere kva ein skal prioritera ned, om det ikkje vert tilført nye midlar. Vi ser allereie store og små utfordringar rundt om på arbeidsplassane grunna dårleg vedlikehald eller mangel på innkjøp. Dette går ut over tryggleiken til folk, aukar smittefaren, gjev unødvendig arbeidsbelastning osv. Dårlege vegar går også ut over tryggleiken og arbeidsmiljøet til dei tilsette.

SAMFUNNSUTVIKLING, ØKONOMI OG SERVICE: Ein del av utfordringane i denne eininga kjem godt fram i notatet. Stort arbeidspress, sårbare og spesialiserte fagområde, etterslep, behov for resursar til god innføring av nye it – løysingar osv. er allereie i dag utfordrande for dei tilsette. Mange har hatt stotre belastningar lenge og vi er bekymra. De som politikarar må i lag med leiarane, vera med på å seie kva ein på overordna nivå skal prioritera bort, når andre oppgåver vert pålagt utan at det følger med resursar. Det skal ikkje vera opp til kvar enkelt tenesteytar å måtte gjere desse prioriteringane åleine. Det er viktig at de skapar realistiske forventingar til kva tenestnivå innbyggjarane kan forvente seg framover når de uttalar dykk i media osv.

Nedbemanningsprosessane må vera forutsigbare og så gode som mogleg. Nok informasjon heile vegen og medverknad der dette er mogleg. Det er viktig at førebygging og folkehelse fokuset er med i dei vurderingane de gjer. Kutt i førebyggjande tenester er sjeldan ei god investering.

Sjukmeldingar kostar på mange måtar, både for den som vert ramma, kollegaer, tilsetta og for kommunen, dette må førebyggast der ein kan. Sist, men ikkje minst, leiarane må også involverast og ivaretakast. Dei har eit enormt press på seg, og dei er heilt avgjerande for at det de vedtek skal kunne

Implementerast i einingane. Vi minnar om at de som politikarar har de det overordna arbeidsgjevaransvaret i Fusa kommune. Som politikarar har rett å foreta dei val de meiner er best. Likevel er det viktig å huske på at som arbeidsgjevar har ein plikt til å på førehand vurdere korleis dette vil slå ut på arbeidsmiljøet til dei tilsette. Vil slike endringar kunne medføre negative konsekvensar på arbeidsmiljøet, har arbeidsgjevar vidare en plikt til å sette i verk naudsynte tiltak for å bringe arbeidsmiljøet opp på et forsvarlig nivå.

Håper de tek med dykk innspelet vårt vidare inn i budsjettprosessen.

Helsing

Verneomboda Fusa kommune V/ Hovudverneombod Synne S. Håve

Til representantane i Fusa kommunestyre

## **Uttale frå organisasjonane vedrørande arbeidsnotatet budsjett- og økonomiplan 2016-2019**

Hovudavtalen mellom KS og arbeidstakarorganisasjonane gjev oss tillitsvalde moglegheita til å uttala oss i saker som omhandlar tilsette og deira arbeidsforhold. Me viser til avtalen sitt formål §1-1 som seier; *Hovudavtalen skal innafør ramma av det lokalpolitiske demokrati bidra til godt samarbeid, medbestemming og medråderett til ein omstillingsdyktig og serviceinnstilt kommunesektor til det beste for innbyggjarane.*

Visar og til § 1-4-1 som seier noko om at tillitsvalde skal takast med på råd, når det gjeld omlegging av drift, rasjonalisering/ driftsinnskrenking som kan få sysselsettingsmessige konsekvensar. Me ser det som vår plikt å påpeika nokre konsekvensar dette budsjettet vil kunna få for de tilsette sitt arbeidsforhold, og for kvaliteten på kommunen sitt tenestetilbod.

### **Effektiviseringstiltak av den kommunale drifta**

Politikarane har kome med ei bestilling til Rådmannen og hennar administrasjon om å utarbeida eit arbeidsnotat med et budsjett i balanse, og såleis kunna spare 9 millionar i 2016. Tillitsvalde har vore med i budsjettprosessen med rådmann og leiinga, og ser at dette har vore ei vanskeleg bestilling å levera. Så store innsparingar får konsekvensar, og toffe kutt er tvunga fram. For oss er det viktig at politikarane kjenner til kva konsekvensane for innsparingane kan medføra, for å kunna gjera dei rette vala for framtida.

Konsekvensar for forslag om innsparing, innan:

#### **Pleie og omsorg**

#### **Helse, familie og velferd**

- Innanfor Helse, familie og velferd vil NSF påpeike den prekære situasjonen som Psykisk Helseteneste no står ovanfor. Dei har vore utsett for innsparingar sidan opptrappingsplanen for Psykisk helse vart avslutta i 2010, og særleg i fjor vart konsekvensane store, då dei mista sitt eige dagsenter, i tillegg til innsparing på personale. Nytt fagområde innan rusomsorg er også kome til, samstundes som kommunen ikkje har prioritert å rullere plan for Psykisk Helse i Fusa. Denne gjekk ut i 2010. Dersom framlegg til budsjett vert vedteke, står avdelinga igjen

med 2,86 stillingar, som er på grensa til kva ein ser på som forsvarleg oppfølging av brukarane.

- Innanfor Pleie og omsorg moter eininga mange utfordringar med omorganisering og ombygging av sjukeheims plassar til omsorgsbustader. Færre sjukeheims plassar i kombinasjon med sprengt kapasitet i heimetenestene vil føra til at ein i mindre grad kan ta imot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus. Dette gjev auka betaling for kommunen og pasientforløpa vert også dårlegare. Tidlegare i år vart Fusa Bu- og behandlingssenter, Heimetenesta og Tiltak for funksjonshemma organisert saman i ei eining. Det vert no foreslått å slå saman dei to avdelingane i Heimetenesta (omr. 1 og 2). Dette vil føra til omplassering og reduksjon av personale, som igjen forer til auka arbeidsmengd, usikkerheit og fare for auka sjukefråvere. I tillegg vil det bli auka press på leiarane, med ekstra stort fokus på arbeidsmiljø, samstundes som dei må omstilla seg på endra drift og omorganisering.
- Dersom ein vel å kutte i forebyggjande tenester, vil dette få store konsekvensar for brukarane i kommunen. Med kombinasjonen av redusert tilbod, og auka kutt i tenester som ikkje er lovpålagde, vil brukarane kunna oppleve auka grad av einsemd og isolasjon, nedsett matlyst og auka uro / utagering. Dersom ein i tillegg hevar terskelen for tenester og oppfølging frå Heimetenesta, vil ein i mindre grad klare å fange opp sjukdom og tilstandar i startfasen. Dette vil på sikt fore til meirkostnader for kommunen ift. behandling og rehabilitering. Dette gjeld særleg eldre, som ein i Heimetenesta fylgjer tett opp med ernæring, medisinar og legebesok. Brukarar med kognitiv svikt treng stabilt personale med tett oppfølging og kontinuitet. I Fusa har vi ein auke i heimetenestemottakarar med omfattande hjelpebehov, og ein auke i brukarar på 80 år +, som ligg langt over samanlikningsgruppene.
- Reduksjon i dagar på dagsenteret vil kunna medfora mindre avlasting for pårørende, meirarbeid for heimetenesta og auka press på sjukeheims plassar. Ved å oppretthalda tilbodet for eldre, vert det lagt til rette for at dei kan ha et betre og lengre liv i sin eigen heim! For personalet på dagsentera er motivasjonen dalande når dei kvart år blir sett på «sparelista» i budsjettet.
- Å kutta på fysioterapiteneste er svært lite tenleg. Det vil ramma både rehabilitering og forebyggjande tiltak, gje økonomiske konsekvensar og auka press på tilsette i andre einingar, særskilt Pleie og omsorg
- Fysioterapiforbundet tilrår å behalda og nytta dei ressursane som er, til å sjå mot nye forebyggjande tiltak som kvardagsrehabilitering, redusera sjukefråvær i kommunen og

frisklivstiltak for barn/ familiar med overvekt ( jamfør utviklingsmåla HFV ). Tiltak som er tilrådd både økonomisk og i eit folkehelseperspektiv.

### **Skule og barnehage**

- Om ny skulestruktur skulle bli utfallet i budsjettet, krev organisasjonane at ein skal ta omsyn til alle tilsette sine rettar i prosessen rundt eventuelle omstillingar. Dette kan mellom anna gjerast ved å trekkja dei tilsette sine organisasjonar med i arbeidsgrupper, og gjennomføra droftingar i samband med bemanninga i ein eventuell ny skulestruktur, på eit tidligast mogleg tidspunkt.
- Større einingar kan vera meir robuste, med tanke på å stetta krav om spesialundervisning, og ved å dekkja inn vikar ved sjukefråver.
- Det vil vera uheldig å flytta på Strandvik sine elevar og personale to gongar i løpet av ein kort tidsperiode. Både elevar og personale treng stabilitet.
- Eit av dei ikkje tilrådde tiltaka er å ha ein styrar for fleire barnehagar. Det skal vera ein styrar i kvar barnehage, og me må be om at det ikkje ein gong blir vurdert. Visar til SFS 220 I, punkt 3.1.1, Lov om barnehager §17, og Kunnskapsdepartementets rundskriv F-08/2006, merknadar til Barnehageloven, § 17 Styrer, andre ledd, som bl.a. omhandlar styrarressursen.
- Me vil oppretthalda ei god tillitsvaldordning. Når ein skal utgreia korleis ein eventuelt skal omstrukturera barnehagane, vil det vera naudsynt å behalda frikjøpet til tillitsvalde for barnehage (Utdanningsforbundet og Fagforbundet)

Me forventar at politikarane tek val som er langsiktige, gjev stabilitet og er føreseielege for tilsette. Forbunda vil til slutt minna politikarane på at Fusa kommune har eit stort arbeidsgjevaransvar i denne prosessen.

*Utdanningsforbundet*

*Fagforbundet*

*Norsk fysioterapeutforbund*

*Norsk ergoterapiforbund*

*Norsk Sykepleierforbund*

*Delta*

Fra: Liv Grytøyr Veland  
Sendt: 15. november 2015 18:17  
Til: postkasse; Atle Kvåle  
Emne: VS: Frikjøpsressurs

Til kommunepolitikarane!

Vel vitande om at Anne-Merete og Irene ikkje er til stades denne veka, bed eg om at politikarane får lesa denne!

Liv Grytøyr Veland

Fra: Liv Grytøyr Veland  
Sendt: 15. november 2015 17:25  
Til: Anne-Merete Hellebø; Irene Kvåle Foer  
Kopi: Svanhild H. Riise; Kari Anne Bergesen  
Emne: Frikjøpsressurs

Hei Anne-Merete og Irene!

Det er litt av ein prosess dette å finna ut kor mange medlemmar me har i utdanningsforbundet, som arbeider i Fusa kommune. Eg har skjont at det har vore ein del unøyaktige opplysningar på nokre arbeidsplassar, og har difor mast på dei plasstillitsvalde for å få vita rett antal. Eg satsar på at det meste no er retta. Når eg no går inn på listene og ser, finn eg at me har 96 medlemmer som er tilsette i kommunen. Utrekna minste frikjøp for HTV etter hovudavtalen, vert då 25,6%. Svanhild har no 20% frikjøp. Kari Anne sitt frikjøp har vore 10%. Viss Svanhild framleis skal ha 20% er det 5,6% att. Difor meiner eg at kommunen ikkje kan kutta frikjøpsprosenten til utdanningsforbundet med heile prosentdelen til Kari Anne.

Mitt frikjøp som leiar ligg også under minste frikjøp etter hovudavtalen. Ut frå samla medlemstal skal dette ligga på minst 24% - ikkje 20% som no. I tillegg kan nemnast at dette vert dekkja inn att av utdanningsforbundet, og er såleis ikkje ei utgift for kommunen.

Eg ynskjer at kommunen skal gje oss minimum det hovudavtalen krev.

Når det gjeld innsparingsplanane, undrar det meg at dei sparar på det vesle frikjøpet Kari Anne har fått. Ho har tatt på seg det meste av Fusa UDF sitt arbeid som gjeld barnehagane. Viss alt dette no skal over på Svanhild, vert denne innsparinga fort oppeten av at ho får meirarbeid ut over sitt frikjøp. I tillegg vert det ei ekstra belastning for henne å overta det arbeidet som gjeld barnehagane midt i eit krevjande arbeid med strukturendring - først for skulane og demest for barnehagane.

I prosessen med innsparingar og strukturendringar har me fleire gonger høyrte lovord om godt samarbeid med fagorganisasjonar og tillitsvalde. I samband med det finn eg det underleg at innsparingar skal gå på bekostning av vårt høve til å stilla opp i dette samarbeidet.

Min konklusjon:

- Me vil ha eit frikjøp minimum etter hovudavtalen sine prosentsatsar
- Kari Anne må behalda eit frikjøp for arbeid med barnehagesaker



Liv Grytøyr Veland  
Fusa UDF  
Leiar



DET KONGELIGE  
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT

Statsråden

Deres ref

Vår ref  
15/3976-

Dato  
24. 11.2015

**Til landets ordførere**

Vi viser til regjeringens forslag til statsbudsjett for 2016 hvor det fremgår at 200 mill. kroner av den foreslåtte veksten i frie inntekter begrunnes med behov for å styrke helsestasjons- og skolehelsetjenesten. Videre er 400 mill. kroner av veksten i de frie inntektene begrunnet med økt satsing på kommunalt rusarbeid. Dette er tilbud som vi vet at mange av dere også er opptatt av å forsterke.

***Helsestasjon og skolehelsetjeneste***

Helse- og omsorgstjenester til barn og unge er et viktig satsningsområde for regjeringen. Å legge til rette for gode oppvekstvilkår er blant de viktigste oppgavene i et samfunn. Norske barn og ungdommer har i internasjonal sammenheng god fysisk helse. Ungdataundersøkelsen viser at vi har en veltilpasset ungdomsgenerasjon; de har tette bånd til sine foreldre, høy skoletrivsel og få har erfaring med rus og kriminalitet. Det er likevel utfordringer knyttet til barn og unges psykiske helse. Folkehelseinstituttet anslår at 15-20 pst. av barn og unge mellom 3 og 18 år har nedsatt funksjonsevne på grunn av psykiske vansker.

Regjeringen vil bedre det forebyggende og helsefremmende helsetilbudet til barn og unge i kommunene. Vi vil at helsestasjons- og skolehelsetjenesten skal styrkes og videreutvikles, både gjennom årsverksvekst og bedre organisering av tjenestene. I 2014 ble kommunenes frie inntekter økt med 180 mill. kroner begrunnet med behovet for å styrke helsestasjons- og skolehelsetjenesten. Dette førte til et taktskifte i veksten i antall årsverk i helsestasjons- og skolehelsetjenesten, men veksten var ikke i samsvar med veksten i midlene. For kommunene kan det være en utfordring hvis staten kommer med satsinger som krever ansettelser og dette

er engangssatsinger i statsbudsjettet. Det er ikke tilfelle her. I 2015 ble rammen ytterligere styrket med 270 mill. kroner, med samme begrunnelse. I Prop. 1 S (2015-2016) er det foreslått en ytterligere økning med 200 mill. kroner gjennom vekst i kommunenes frie inntekter. Det betyr at kommunene nå kan være trygge på at dette er en flerårig satsing fra regjeringen som også har bred støtte i Stortinget. Det vises for øvrig til tiltak for å utvikle de kommunale helse- og omsorgstjenestene til barn, unge og deres familier i Meld. St. 26 (2014-2015) - Fremtidens primærhelsetjeneste.

### ***Kommunalt rusarbeid***

Rusfeltet er også et satsingsområde for regjeringen. Det skal fremmes en opptrappingsplan for rusfeltet som en egen proposisjon nå i høst. Regjeringen har foreslått at planen skal ha en totalramme på 2,4 mrd. kroner i perioden 2016-2020, og at hovedfokus skal rettes mot kommunesektoren.

Som en del av opptrappingsplanen har regjeringen forslått å styrke rusfeltet med 400 mill. kroner gjennom kommunenes frie inntekter i 2016.

Regjeringen har i kommuneproposisjonen for i år, samt Prop. 15 S (2015-2016) Opptrappingsplanen for rusfeltet (2016-2020) varslet at vi gjennom etablerte rapporteringsordninger følge nøye med på utviklingen i sektoren, og om kommunene følger opp regjeringens satsing med tiltak innenfor rusområdet. For å følge innsatsen i kommunene, vil vi derfor benytte oss av Helsedirektoratets skjema IS-24/8 for å følge kommunenes ressursinnsats. Regjeringen mener at det er viktig å unngå at disse satsingene blir øremerkede tilskuddsordninger. Det vil kreve mer byråkrati og mindre forutsigbarhet for kommunene. Dessuten vil det straffe kommuner som har satset på disse områdene og hindre at en får satt inn ressursene innenfor feltet der behovene er størst.

Vi er overbevist om at de fleste kommunene er enig i at dette er områder i helsetjenesten i kommunene som har mangler i dag og som det er riktig å prioritere. Vi vil derfor understreke betydningen av at denne flerårige satsingen følges opp i kommunene og at midlene blir brukt til formålet.

Satsing gjennom kommunenes frie inntekter bidrar til forenkling og forutsigbarhet for kommunene, og stimulerer til effektiv ressursutnyttelse i tråd med lokale behov, slik at kommunene kan se sine velferdsoppgaver i sammenheng.

Med hilsen

Bent Høie  
Helse- og omsorgsminister

Jan Tore Sanner  
Kommunal- og moderniseringsminister

## Gunn Sissel Teigen

**Fra:** Berit Fløisand  
**Sendt:** 25. november 2015 09:47  
**Til:** Gunn Sissel Teigen  
**Emne:** VS: Svar på spørsmål om skuleskyss.

---

**Fra:** Berit Fløisand  
**Sendt:** 25. november 2015 09:46  
**Til:** Atle Kvåle  
**Emne:** VS: Svar på spørsmål om skuleskyss.

Her kjem svar på følgjande spørsmål frå KRF:

1. Kor mykje brukar FK på skuleskyss som ikkje er lovpålagt?
2. Korleis blir kostnaden på skuleskyss om ein endrar skulestrukturen, kva må FK betala og kva dekker fylket?

### SVAR:

1. Kor mykje brukar FK på skuleskyss som ikkje er lovpålagt?

Fusa kommune gir ikkje skyss som ikkje er lovpålagt. Alle vedtak om skyss er heimla i opplæringslova §7-1: *Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.*

"Det må her foretas en konkret, skjønsmessig vurdering av kva som er særleg farlig eller vanskelig skolevei. Alle relevante forhold ved veien må kartlegges. Momenter i vurderingen er blant annet tilstanden til skoleveien, klimaet, trafikkforholdene på veien og forhold knyttet til den enkelte elev, Trygg trafikk har laget en egen veileder som omhandler "særleg farlig eller vanskelig skolevei". Den kan være et nyttig hjelpemiddel i forbindelse med de vurderinger som må foretas" (Eriksen, 2014, s. 106).

Kvar søknad om skyss blir individuelt vurdert etter retningslinjer nemnt over. Det er ofte vanskeleg å vurdere kva som er farleg skuleveg og ikkje. Ein skuleveg kan vera særleg farleg eller vanskeleg for nokre elevar, medan for andre blir det ikkje vurdert som særleg vanskeleg eller farleg. Dette har med den ein skilde elev å gjera. For ein elev med for eksempel nedsett hørsel, kan ein skuleveg vurderast som særleg farleg fordi vegen er smal og eleven ikkje vil kunne høyra at det kjem ein bil, medan for ein elev med normal hørsel vil ikkje same vegen vurderast som særleg farleg. Eit anna døme kan vera at eleven har dårleg syn, eller av fysiske årsakar (som ikkje alltid er synleg eller offentleg kjend) kan oppleve at vegen er farleg eller vanskeleg. Eleven sin alder spelar og inn når eg føretar ei slik vurdering.

Det er foreldra som søker om skyss på vegne av barnet sitt, og svaret frå kommunen er eit einskildvedtak som alltid er heimla i opplæringslova.

Eit einskildvedtak er eit juridisk vedtak som gir søker rett til å klage til fylkesmannen (i Hordaland).

Kostnaden til skyss etter kommunalt einskildvedtak er slik skuleåret 2015/16:

| Skule:        | Tal elevar: | Kostnad per elev per år: | Kostnad per år: |
|---------------|-------------|--------------------------|-----------------|
| Strandvik     | 0           | 4.218                    | 0               |
| Fusa          | 0           | 5.823                    | 0               |
| Nore Fusa     | 23,5*       | 6.197                    | 145.630         |
| Eikelandsosen | 0           | 5.276                    | 0               |

|                                |      |       |                |
|--------------------------------|------|-------|----------------|
| Holdhus                        | 5    | 6.507 | 32.535         |
| Søre Fusa                      | 0    | 7.030 | 0              |
| Fusa ungdomsskule              | 0,5* | 9.214 | 4.607          |
| <b>Sum kommunale skular:**</b> |      |       | <b>182.772</b> |
| Vinnes                         | 2    | 8.093 | 16.186         |
| Ølve                           | 3    | 6.333 | 18.999         |
| Hatlestrand                    | 2    | 8.972 | 17.944         |
| <b>Sum andre skular:</b>       |      |       | <b>53.129</b>  |

\* Nokre elevar har «vinterskyss». Desse elevane har skyss frå haustferien til vinterferien. Desse er talt som 0,5 elev i reknestykket fordi kostnaden er for eit halvt skuleår.

\*\* Elevar ved private skular har etter opplæringslova rett til skyss innan heimekommunen, eller til kommunegrensa dersom den private skulen ligg i ein annan kommune enn eleven sin heimekommune.

2. Korleis blir kostnaden på skuleskyss om ein endrar skulestrukturen, kva må FK betala og kva dekker fylket?

Fusa kommune betalar same takst for elevar som har rett til skyss etter 2/4 km regelen og for elevar med kommunalt einskildvedtak om skyss. Agenda Kaupang rapporten synar kva som vil gje auke i skysskostnader ved dei einskilde alternativa, tabell 4-13, s. 47:

|  | Årlige beregnede endringer i forhold til alternativ 0- i 1000 kroner |              |              |              |              |
|--|--|--------------|--------------|--------------|--------------|
|  | Alt 1  | Alt 2        | Alt 3        | Alt 4        | Alt 5        |
| Lønnsutgifter pedagoger, endring antall klasser, endret mulighet for å drive spesped. und. I grupper med mer | -2742  | -4194        | -5443        | -1948        | -1515        |
| Lønnsutgifter adm. og ped. ledelse   | -950   | -1341        | -1708        | -671         | -671         |
| Endring DV kostnader   | -575   | -1008        | -1294        | -782         | -913         |
| Endring årlige investeringskostnader   | 2353   | 2222         | 2171         | -273         | -167         |
| Økte skysskostnader  | 1155   | 1718         | 2054         | 717          | 744          |
| <b>Totalt</b>  | <b>-759</b>  | <b>-2604</b> | <b>-4219</b> | <b>-2957</b> | <b>-2522</b> |

25.11.15  
BFL

## Arbeidsnotat til formannskapet sin budsjettkonferanse 18.11.15

### Spørsmål frå Fusa Høgre:

(Viser til sidetal i arbeidsnotat frå rådmann)

Side 19

Sjukefråvær : Sjukefråvær 1.kvartal 2015 var på 9,5 %\*. Ber rådmann om å opplyse kva som er det høgaste sjukefråvær på ei eining og kva som er det lågaste (eining treng ikkje identifiserast)

SVAR: Nedanfor følgjer ei oppstilling av sjukefråversdata for kommune-Noreg og Fusa, henta frå KS sine nettsider:

#### 2. kvartal-14-1. kvartal -15

|               | Samla sjukefråver | Legemeldt | Eigenmeldt | Kvinner | Menn | Heiltidstils | Deltidstilsette |
|---------------|-------------------|-----------|------------|---------|------|--------------|-----------------|
| Alle kommunar | 9,84              | 8,53      | 1,30       | 10,91   | 6,04 | 9,51         | 10,35           |
| Fusa          | 10,87             | 9,78      | 1,07       | 11,78   | 6,44 | 8,94         | 12,33           |

\* 9,5 %, som er attgitt i budsjettnotatet, er eit gjennomsnittstal for kommunar og fylkeskommunar, der sistnemnde har eit sjukefråver på 7,20 % og kommunar eit snitt på 9,84 %. Tala for Fusa ser vi i tabellen ovafor.

Som vi ser, ligg vi over landsgjennomsnittet på alle område, utan når det gjeld eigenmeldt sjukefråver. Det er særleg høge sjukefråverstal for deltidstilsette.

Høge sjukefråverstal kan ha ein viss samanheng med at Fusa kommune har vore flink til å tilretteleggja for arbeidstakarar som treng dette. Frå data vi har fått frå KLP, veit vi at vi har færre utføre enn gjennomsnittet i KLP (9,17 % mot 13,19 %). - Vi har større del utføre sjukepleiarar enn gjennomsnittet i KLP (12 % mot 7,93 %).

Sjukepleiarar utgjer ei lita gruppe av turnuspersonalet, der fråveret er stort, noko vi ser når ovastående statistikk vert splitta på sektor:

|            | U.visn.pers. | Turnuspers | Anna pers | Adm  | U.visn | Bhg   | Helse/PLO | Samfe., teknikk |
|------------|--------------|------------|-----------|------|--------|-------|-----------|-----------------|
| Alle komm. | 8,43         | 11,95      | 9,24      | 7,31 | 8,38   | 12,27 | 11,27     | 6,60            |
| Fusa       | 10,65        | 15,10      | 8,48      | 5,68 | 9,80   | 7,35  | 13,89     | 5,42            |

Vi ser at vi ligg over landet på dei store gruppene (undervisnings- og turnuspersonell), men under for mange andre grupper.

Side 21

Innkjøp : Av rapporten frå Odin side 28 går det fram at Fusa kommune pr i dag har store utfordringar og mulegheiter på området for offentlege anskaffelsar, med uutnytta potensiale for besparingar både av pengar og administrative ressursar.

Det går fram av arbeidsnotatet frå rådmann at det er trong for dagleg oppfølging om vi skal oppnå lågare prisar eller effektivisering. Med eit stramt budsjett også for 2016, ser det ikkje ut til at vi kan prioritera nok ressursar inn til dette arbeidsområdet.

Fusa Høgre ser dette som eit svært viktig område å følgje opp, og som vi ikkje kan utsette.

Potensiale er anslått til størrelsesorden 2,4 – 3 mill årleg innsparing. Vi ber rådmann gjere greie for kostnad med å få på plass ein prosjektstilling for å følgje opp arbeidsområdet, slik at vi i løpet av 2016 får med oss den innsparinga rapporten frå 2014 synleggjer.

SVAR: Vi har sett på andre driftsutgifter (eks kjøp av tenester – som også er overføringer til staten, andre kommunar, mv) i rådmannen sitt budsjettnotat for 2016 vs. B-2015 i Arena.

Rekneskapen for 2014 viser at det gjekk med kr 41 484 000 til andre driftsutgifter. Etter dette har det vore prisvekst på ca. 3 % frå 2014 til 2015 og 2,7 % frå 2015 til 2016. Hadde ein kompensert for dette, skulle ein hatt kr 43 882 000 i andre driftskostnader i 2016. I rådmannen sitt framlegg er lagt inn kr 40 255 000, dvs. godt og vel 3,6 mill under dette nivået.

Ein prosjektmedarbeidar på innkjøp ville kunne bidratt positivt på fleire måtar innfor innkjøpsområdet. Men, det er vanskeleg å sjå at det er mogleg å gjera ei slik stilling sjølvfinansierande. Dersom ein skal lønna ein prosjektstilling som skal arbeida med innkjøp, må den finansierast med å redusera rammene til einingane meir enn dei tiltaka som allereie ligg inne i rådmannen sitt budsjettnotat. Dersom vi reknar med at ei halv stilling i eitt år vil kosta ca. kr 400 000 i løn og sosiale utgifter, og ei heil stilling ca. kr 800 000, må minst slike summar hentast inn i reduserte innkjøpskostnader dersom stillinga skal vera sjølvfinansierande. Med den reduksjonen som er gjort i andre driftsutgifter dei siste åra allereie, og lagt til grunn i rådmannen sitt budsjettnotat, vurderer vi dette som eit usikkert prosjekt.

Administrasjonen har fokus på fornuftige innkjøp og å betra innkjøpsrutinane. Det dreiar seg m.a. om å følgja opp innkjøpsavtalar, gjennomføra E-handel m.m.

Side 29

Forslag til innsparingstiltak: Under punkt 1 Auka inntekter punkt F Vassverksgebyr – full kostnadsdekning, er det lagt inn ein årleg forventa effekt for heile planperioden på 500 tusen. Kva er årsaka til at ein har lagt inn ei inntekt her ?

SVAR: I etterkalkylen på sjølvkost for 2014 kjem vassverk ut med eit underskot (subsidiert) på kr 163 000. Dette er ikkje teke med vidare i sjølvkostrekneskapen.

Dei direkte driftskostnadane er auka med kr 228 000 frå 2014 til 2015, dels for å dekkja auka kostnader til å drifta det nye anlegget på Holmefjord, dels auka driftsovervaking og dels noko auke i vedlikehaldskostnader sidan fleire av anlegga dreg på åra. Når det gjeld kapitalkostnader er det forventa ein auke på kr 47 000 frå 2015 til 2016.

Sjølvkostprognosen for 2015 (basert på rekneskap pr oktober og kjent rentesats på restkapital) tilseier eit underskot i sjølvkostrekneskapen på kr 382 000 i 2015.11.16

Gebyra skal maksimum vera slik at ein oppnår full kostnadsdekning i gjennomsnitt over fem år. For 2016 er det lagt inn eit overskot i sjølvkostrekneskapen på kr 72 000 for å dekkja inn deler av forventa underskotet for 2015 og det lagt inn forventa auke i kapitalkostnad. Desse tala ser ein ikkje direkte att i driftsrekneskapen, berre i sjølvkostrekneskapen. Sidan auken i direkte driftskostnader vart gjort frå 2014 til 2015, vil gebyrauken som er lagt inn innebera ein inntektsauke i driftsrekneskapen.

Punkt IV-5 Framlegg til innsparingstiltak punkt 2 A. Endring av skulestruktur.

Vi ber rådmann gjere greie for kva kostnader som er berekna til nedlegging/ flytting av skule, herunder ombyggingskostnader til å skilje barnehage og skuledel av bygg der desse er samlokaliserte.

Fusa Høgre ber også om at det vert gjort greie for problemstillingar knytt til framtidig utnytting av skular som i dag er samlokaliserte med barnehage, og at det vert opplyst om skulebyggets bokført verdi på føreslått nedleggingstidspunkt.

SVAR: Tradisjonelt har flyttesjau for skular/barnehagar og andre vore gjennomført som «skippertak» der tilsette i skulen/barnehagen i samarbeid med teknisk har gjennomført flyttinga. Teknisk må rekna seg noko interne kostnader med flytting av møbler og utstyr, men i liten grad direkte kostnader som belastar vedlikehaldsbudsjett. I den grad kommunen framleis skal eiga nedlagde skulebygg vil dette innebera litt energikostnad og kostnad for utvendig vedlikehald. Vert dei nytta til annan kommunal aktivitet vil også kostnadane førast andre stader i rekneskapen.

Å skilja barnehage frå skule er ei lita oppgåve, sidan samtlege barnehagar er tilbygg til skulebygg (unnateke Fusa/Trollskogen). Det er i hovudsak avgrensa til skifte av lås i dører som fører frå barnehagen og inn i skulebygget.

Når det gjeld restverdi på bygningane går dette fram av rekneskapen for 2014, side 24. Her er tal pr 31.12.2014, så kjem avskrivning for 2015 i tillegg. Auka verdi på Nore Fusa (investert i 2015) kr 5 750 000.

Prosjekt 180 i investeringsbudsjettet - kommunale bygg tiltak etter kartlegging. Her er ført opp 5 mill. for 2016 og det framgår av kommentaren at noe skal benyttes til rehabilitering av husvære ved Baldersheim helsetun. Under valkampen var undertegnede på stand på Baldersheim, noe også representanter fra AP med ordføreren i spissen var. Ved anledningen hadde vi en liten inspeksjon av helsetunet, og ble alle rystet over tilstanden på kledningen til bygget. Den var stedvis så råttan at vi kunne plukke den vekk med hendene. Spørsmålet er: er det mulig å få auke opp prosjekt 180 med noen kroner som gjør det mulig å få skiftet kledningen på Baldersheim helsetun før reisverket blir angrepet av råte? Mener også å vite at det finnes et kommunalt styrt fond - for Baldersheim helsetun - kan dette fondet evt. nyttes til å dekke utgiftene med dette?

SVAR: I samband med rehabilitering av husværet ved helsetunet bør også delar av ytterkledning og evt vindauge på den eldste delen av bygningane skiftast. Vi meiner det er rom for å prioritera dette innafør summen på kr 5 mill utan at det går ut over dei andre tiltaka som er nemnt.

Vi har førebels ikkje funne ut om det er fondsmidlar tilgjengeleg. Dette må vi undersøkjja nærare.

## Spørsmål frå Fusa Arbeidarparti:

1.Sak: Drift av friskule og privatskular:

Som kjent vert ein friskule driven i Fusa kommune. To andre skular, Holdhus og Strandvik skular, har fått innvilga søknader om privatskuledrift. Det har vore snakk om at også ein fjerde skule skal søkjja/har søkt om privatdrift.

Kor mykje av Fusa kommune sitt rammetilskot frå staten går med til drift av Vinnes friskule i 2015?

Kor mykje av rammetilskotet går med dersom det

a) vert drift av 1 friskule og 2 privatskular? (Grunnlagstal frå 2015)

b) 1 friskule og 3 privatskular?



SVAR: For 2016 er det i inntektssystemet lagt inn at det er 28 barn bosatt i Fusa som går i statlige/private skoler (telling per 1.10.2014), og for hver av disse elevene er dere trukket kroner 84 500, til sammen 2,36 mill. kroner – og det er dette dere mister i rammetilskudd som følge av elevene i statlige private skoler. Dere får rett nok tilbakeført 1,38 mill. kroner av dette trekket, men dette er en refordeling av trekkbeløpet til alle kommuner. Hadde Fusa ikke hatt elever i statlige private skoler ville dere fått om lag den samme tilbakeføringen, som dere har fått i 2016 rammetilskuddet (28 færre barn i private skoler på landsbasis ville gitt et redusert tilbakeføringen med 0,45 kr per innbygger, og for Fusa ville dette betydd rundt kroner 2 000 i mindre tilbakeføring, men er ubetydelig sett i sammenheng med at dere er trukket 2 366 000 for de samme elevene).

Dette betyr også at dere kan bruke trekksetene for 2016 – kr 84 500 pr elev - og multiplisere med antall nye elever i statlige/private skoler for å finne effekten for Fusa. Husk at det er en forsinkelse i når trekk for nye elever i private/statlige skoler slår ut i inntektssystemet, nye elever frem til 1.10.2016 får først virkning i rammetilskuddet for 2018.

Så når ein skal regne på virkning av eventuelle nye privatskulelevar i Fusa er det så enkelt som å bruke standardsatsen på 84 500 pr. elev.

Kommunen er i følge opplæringslova pliktig i å betala for spesialundervisninga i dei private skulane. Rådmannen viser elles til Agenda Kaupang-rapporten med omsyn til innspel om private skular; sjå Agenda Kaupang 2015, vedlegg 4, s. 95 og utover

## 2.Sak: Trafikksikringsplanen

Framlegg til trafikksikringsplan vart i UPM i haust utsett pga av manglar. Representant frå teknisk etat, som var til stades i møtet, opplyste at manglane ikkje var meir omfattande enn at planen kunne fremjast på nytt i neste møte i UPM den 26.11.15.

Det er viktig at planframlegget no vert godkjent for utlegging på høyring sidan planen har vore under arbeid lenge, i meir enn to år. Og ikkje minst: Kommunen er midt oppi budsjettarbeidet der midlar til trafikksikringstiltak bør drøftast.

Kan UPM rekna med at framlegg til trafikksikringsplan kjem på saklista til komande møte?

SVAR: Ja, trafikksikringsplanen står på møtelisten til UPM-møtet 26.11.

## Spørsmål frå Fusa Venstre:

### Sak 1: Sjukefråværet

Ønskjer oversikt over sjukefråværet pr ansvarsområde med estimert kostnad.

Kvifor er 30-40 personar borte kvar dag?

Kvifor er ikkje målet nådd, 8%?

Kva gjer den enkelte ansvarlege for å nå målet?

Ville ikkje det vore naturleg å ha dette som eit utviklingsmål for alle ansvarsområda?

Er 8 % eit godt nok mål?

SVAR: Her er mange spørsmål som ikkje er heilt enkle å svara på.

Det finst både kommunar som har lågare og langt høgare sjukefråver enn Fusa. Å redusera sjukefråveret er eit arbeid som må gå over tid, med kontinuerleg fokus. Pleie- og omsorgsavdelinga i Ulvik har nyleg oppnådd eit sjukefråver på 4,5 %, jf. reportasje i BT 14.11. Vaksdal hadde svært lågt sjukefråver for nokre år tilbake, men er no på eit høgt nivå.

Sak 2

Vil det vera mogeleg å få til eit kommunalt møtelokale i samband med utvidinga av Fjordn Senter. Kva vil dette koste?

SVAR: Dette har vi ikkje undersøkt nærare. Prisen vil vera avhengig av kor mange kvadrat ein skal leiga og leigeprisen. For noverande leigeavtaler i Fjord'n senter betaler vi ca. kr 1 000 per m<sup>2</sup> per år, eks. mva.

Sak 3

Kva område kan Fusa kommune bistå andre kommunar? Er det eit potensiale innan td rekneskapstenester, felles telefonsentral eller anna?

Fusa kommune har ikkje ledig kapasitet på rekneskapstenester, tvert i mot. Dei som jobbar i telefonsentral og ekspedisjon har også ansvar for post- og arkivtenester. Arkivfeltet har allereie stor opphopning av gamle, uavslutta saker estimert til så mykje som eitt årsverk. I rådmannen sitt budsjettnotat er det lagt til grunn ei innsparing gjennom reduserte publikumstenester i Kommunetunet (øvt på s. 30) allereie frå 2016.

Sak 4: Kor mykje vekst må Fusa ha for å få vekstkommunetilskot? Vil dette kunne bli utløyst ved kommunegrensejusteringar?

SVAR: Veksttilskotet vert gjeve til kommunar som har hatt ein gjennomsnittleg årleg befolkningsvekst over vekstgrensa dei siste tre åra. Vekstgrensa er redusert frå 1,6 pst til 1,5 pst for 2016. I tillegg må kommunane ha skatteinntekter under 140 pst av landsgjennomsnittet dei siste tre åra (målt per innbyggjar) for å få tilskotet. Veksttilskotet blir gjeve som eit fast beløp per innbyggjar ut over vekstgrensa. Satsen for 2016 er 56 845 kroner (frå «grønt hefte»).

Dersom vi tek utgangspunkt i venta folketal 1.1.2016 i prognosemodellen (3851 innbyggjarar), må vi då altså ha ein gjennomsnittleg årleg vekst på 1,5 % i 2016, 2017 og 2018. Dette tilseier 58 personar i 2016, 59 personar i 2017 og 60 personar i 2018. For folketalsauke utover 60 personar i 2019 (1,5 %) vil vi då få eit tilskot på ca. kr 57 000 pr. person.

Veksttilskot ved kommunegrensejusteringar: SVAR: Viser her til rapporten om kommunesamarbeid kring Bjørnafjorden. Forstår det slik at Os får redusert vekstkommunetilskotet sitt med eventuelt å bli slått saman med kommune med mindre vekst. Det er dermed vanskeleg å sjå at Fusa vil oppnå vekstkommunetilskot ved kommunegrensejusteringar, all den tid eigen årleg vekst har vore på 0,2-0,3 % dei siste åra.

## Sak 5

Når me endrar skulestruktur i 2016, vil denne endringa kunne vera tilfredsstillande for å få Fusa kommune rigga for framtida dersom me og kan få til folketalsvekst dei neste åra? Ut frå mine berekningar vil 100 personar medføre ca 5 mill i aukte inntekter.

SVAR: Gjennomsnittlege inntekter pr. innbyggjar i 2016 (skatt og rammetilskot, inkl. skjønstilskot) er venta å verta ca. kr (129 064 000 (inkl. tilbakført skatteoppkrevjarfunksjon) + 98 479 000)/3851 innbyggjarar = kr 59 000 pr innbyggjar. Dette gjeld ein gjennomsnittsinbyggjar. Ein gjennomsnittsinbyggjar fører også kostnader med seg, i snitt kr 48 000 (gjennomsnittleg utgiftsbehov – frå arkfane analyse i prognosemodellen) . Dette er ein litt forenkla måte å sjå kva ein vil få i netto inntektsauke dersom vi får ein ekstra innbyggjar i det året vi går inn i. Her framskriv vi og utgiftsutjamning, skjønstilskot og saker med særskilt fordeling som om desse vil stiga proporsjonalt med innbyggjarvekst, noko som er usikre føresetnader.

Innbyggjartilskotet for 2016 er kr. 22.668,- per innbyggjar, som er det same for alle personar uavhengig av alder.

Så kjem utgiftsutjamning per innbyggjar:

|  |              |
|--|--------------|
| Innbyggere 0 - 1 år                    | kr 11 494,-  |
| Innbyggere 2 - 5 år                    | kr 125 161,- |
| Innbyggere 6 - 15 år                   | kr 115 117,- |
| Innbyggere 16 - 22 år                  | kr 11 307,-  |
| Innbyggere 23 - 66 år                  | kr 7 819,-   |
| Innbyggere 67 - 79 år                  | kr 21 962,-  |
| Innbyggere 80 - 89 år                  | kr 98 005,-  |
| Innbyggere 90 år og eldre              | kr 265 724,- |
| Ikke gift, 67 år og eldre              | kr 33 213,-  |
| <br>                                   |              |
| Barn 1 år utan kontantstøtte           | kr 188 462,- |
| <br>                                   |              |
| Psykisk utviklingshemma 16 år og eldre | kr 619 826,- |

I tillegg kjem skjønstilskot og skatteinntekter, mv – jf. prognosemodellen.

SVAR:(ved KS sin ekspert på prognosemodellen): Skal man se utviklingen fra ett år til neste må en imidlertid ta utgangspunkt i hvordan befolkningen utvikler seg både i kommunen og i landet. Kommuner som har en lavere befolkningsvekst enn landssnittet vil oppleve at utgangspunktet for innbyggertilskudd og skatt- og inntektsutjevning ikke er det nivået disse har i dag, men et lavere nivå. Dette skyldes at en befolkningsvekst lavere enn landet gjør at kommunen det kommende året skal ha en lavere andel av både skatt etter skatteutjevning og innbyggertilskuddet. Realvekst og lønns- og prisvekst gjør likevel at skatt etter inntektsutjevning og innbyggertilskudd kan ha en vekst, men vekten i kroner og prosent vil ligge under landssnittet (andre faktorer uendret). For å opprettholde det relative nivået på skatt og inntektsutjevning fra ett år til neste må en kommune ha en vekst i befolkning på nivået med landssnittet (vår utheving).

Ved en vekst utover befolkningsveksten i landet kan du tenke i retning av den av den illustrasjonen du bruker. En kan ta utgangspunkt i innbyggertilskuddet som er kroner 22 668 (per innbygger), og gjennomsnittlige skatteinntekter i landet som er 27 765 per innbygger i 2016 (Fusa's skatteinntekter

ligger vel noe lavere enn landssnittet, men er ikke så mye at det vil gjøre den store forskjellen). Avrundet kan en indikere at en ny innbygger betyr cirka kroner 50 000. Hva som skjer i utgiftsutjevningen ved nye innbyggere er vanskelig å si noe eksakt om, her kan utgiftsbehovsindeksen både gå opp og ned avhengig av hvilke innbyggere som flytter til kommunen. For vekst utover landssnittet er det greit å bruke gjennomsnittet på 50 000. For vekst i innbyggere i takt med landssnittet vil det i realiteten være realveksten i rammene som styrer hvor mye man får – og da kanskje med fokus i denne sammenheng på demografiskompensasjon og eventuell realvekst som ikke er bundet opp til prioriterte oppgaver. Med vekst som landssnittet vil kommunen få sin andel av denne. Og for 2016 er nok dette beløpet i overkant av 50 000 per ny innbygger, men størrelsen på dette vil kunne variere fra år til år. Husk bare at mye av slik vekst vil komme frem i tid – dvs. at det nå er tidligst i 2017 budsjettet dere vil se en effekt.

Folketallsveksten for landet frå 2015-2016 og fremover er forventet å bli rundt 1 %.

Sak 6

Kva vil det koste å etablere eit seremonirom for dei som ikkje ønskjer å ha religiøse seremoniar?

SVAR: Omfanget av ei slik investering kjem an på om ein må kjøpa grunn eller kan nytta tomteland kommunen sjølv eig, kva investeringar ein må gjera i grunnen og storleiken på eit slikt lokale. Som ein tommelfingerregel reknar vi med at eit nybygg har ein gjennomsnittleg pris pr. kvadratmeter på kr 26 000 (eks mva, som vi vil få refundert). Kommunen sine finanskostnader ved investeringar er for 2016 rekna til kr 2,1 % i rente og 3,5 % av investeringssummen i årleg avdrag.

Sak 7

Kostnad med å laga gang og sykkelsti på vestsida av Skjelbreidvatnet?

Dette tiltaket har lagt som tiltak i kommunedelplan for idrett- og friluftsliv i lenger tid, utan at det er gjort noko med det. Slik er prioriteringa i gjeldande plan:

### 13.1.2 innspel til anlegg for friluftsliv 2014-2017 (ikkje prioritert rekkefølge)

|   | Friluftsanlegg                   | Type anlegg                   | Anleggseigar             | Spele- midlar | Eigen k | Kom mun | Tot. kostn. |
|---|----------------------------------|-------------------------------|--------------------------|---------------|---------|---------|-------------|
| 1 | Bygdastølen ski- og tursenter    | Turløyper på vinter           | Bygdastølen ski- og      |               |         |         |             |
| 2 | Fusaneset friluftsområ           | Badeplass                     | BOF                      |               |         |         |             |
| 3 | Hagafjøra friluftsområ           | Badeplass                     | BOF                      |               |         |         |             |
| 4 | Hytte ved Botnavatn              | Dagsturhytte/steinbu          | Fusa turlag              | 100           | 100     | 100     | 300         |
| 5 | Skjelavika friluftsområ          | Badeplass                     | BOF                      |               |         |         |             |
| 6 | Turveg Eikelandsosen - Heihiller | Turveg for syklende og gåande | Fusa kommune/ idrettslag | 500           | 500     |         | 1.000       |
| 7 | Vinnesholmen                     | Badeplass                     | Stiftinga Vinnesholmen   |               |         |         |             |

Summen i tiltak 6 er eit estimat som ikkje byggjer på ei grundig vurdering. Kostnad vil vera avhengig av kva standard ein vel; grusveg eller asfalt, med lys eller utan lys, breidde på veg m.m.

Det kan tenkjast finansieringskjelder i tillegg til spelemidlar: Gjensidigestiftinga eller liknande, tilskot frå landbruk om vegen skal kombinerast med landbruksdrift.

Hålandsdal idrettslag har vore i kontakt med kulturkontoret og er interessert i eit samarbeid for å få dette prosjektet til. Det vil vera ein fordel om ein kan samarbeida med private lag.

Eikelandsosen 17.11.2015

BFL